# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - mars 2016 48. årg.





Verdiar som grunnmur

side 8



Spre litt glede

side 6



Slekt skal følgje slekt...

side 15



Pilegrimsvandring

side 19

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Diakon: Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Dagleg leiar Time sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Dagleg leiar Undheim sokneråd:
Steinar Sandvik tlf. 400 07 909
Sekretær: Inger-Kathrine Fossdal tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 51 77 03 69

**Time**
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø tlf. 977 46 283
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærar Kristine Åsbø tlf. 950 20 920
Barne- og ungd.arbeider Marion Lende tlf. 904 16 888
TT arbeidar: Jens Hetland Haavik tlf. 936 31 935
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Kyrkjelydutviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 62
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Håkon Espevik tlf. 413 79 422
Ungdomsarbeidar Morten Bjorland tlf. 954 48 222

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050
Ungd.arbeid. Lye: Anders Høgsås tlf. 952 51 809

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no
Sokneprest: Dag Øivind Østereng tlf. 41 65 98 93
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Kari Skare Sikveland tlf. 959 29 283
Ungdomsarbeidar: Tove Hersdal tlf. 922 57 342
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.sokneraad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.sokneraad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.sokneraad@time-kyrkja.no


# Min Salme


Solveig Pettersen

Jeg velger "Kallet"
sunget av Kristina Jølstad Moi

Da jeg var liten, pleide mamma å spille CD'en "Sanger Fra Vest" på høyttaler. Av alle sangene der, var denne alltid min favoritt. Jeg følte den traff meg, men vet fortsatt ikke hvorfor.

*Solveig Pettersen*

## Kallet
**(salme 434: Det er navnet ditt jeg roper)**

*Det er navnet ditt jeg roper,*
*vil du følge meg?*
*Vil du trå i mine fotspor på*
*en ukjent vei?*
*Vil du kjennes ved mitt navn,*
*vil du møte sorg og savn,*
*vil du hvile i min favn og*
*la meg bli hos deg?*

*Vil du ta det første skrittet,*
*vil du følge meg?*
*Vil du gå til mine minste*
*på en ukjent vei?*
*Vil du tåle onde blikk,*
*stå igjen når noen gikk?*
*Du skal gi dem alt du fikk,*
*for jeg vil bli hos deg.*

*Vil du åpne blindes øyne,*
*vil du følge meg,*
*se at fanger får sin frihet*
*på en ukjent vei?*

*Vil du stelle andres sår*
*i det skjulte, år for år,*
*kjenne gleden som du får*
*når jeg vil bli hos deg?*

*Vil du trosse angst og uro,*
*vil du følge meg,*
*ta imot deg selv med nåde*
*på en ukjent vei,*
*la de ord som jeg har sagt,*
*folde ut sin skapermakt*
*tross din tvil og selvforakt?*
*For jeg vil bli hos deg.*

*Når du kaller, må jeg lytte.*
*Jeg vil følge deg!*
*Jeg vil vende om og vandre*
*på en ukjent vei.*
*Dit du går, vil jeg gå med,*
*Herre, la din vilje skje,*
*for jeg vet at jeg skal se*
*mitt liv fullendt i deg.*

*Tekst: John Bell og Graham Maule 1987*
*Oversetter: Hans-Olav Mørk 1999*
*Musikk: Skotsk folketone*

# Til ettertanke


Kjell Børge Tjemsland

## Deg være ære!

*Deg være ære,*
*Herre over dødens makt!*
*Evig skal døden være*
*Kristus underlagt.*
*Lyset fyller haven,*
*se, en engel kom,*
*åpnet den stengte graven,*
*Jesu grav er tom!*
*Omkved:*
*Deg være ære,*
*Herre over dødens makt!*
*Evig skal døden være*
*Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever!*
*Salig morgenstund!*
*Mørkets makter bever.*
*Trygg er troens grunn.*
*Jubelropet runger:*
*Frelseren er her!*
*Pris ham, alle tunger,*
*Kristus Herre er!*

*Omkved*
*Frykt ikke mere!*
*Evig er han med.*
*Troens øye ser det:*
*Han gir liv og fred.*
*Kristi navn er ære,*
*seier er hans vei,*
*evig skal han regjere,*
*aldri frykter jeg.*
*Omkved*
(Norsk Salmebok 197)

**Ein av påska sine mest kjente påskesalmar må vel vere "Deg være ære". Mest "alle" kan han. Når eg høyrer born og vaksne syngje denna salmen, så er det nokon gonger som om iver og lydnivå stig ekstra. Mest for at dei kan han godt, sidan han er sungen mykje på skulen, skulegudstenester og andre stader. Men eg liker også å tenke at dei alle forhåpentleg vil vere med, med heile seg og med hjarta, å lovprise Herren Jesus: Deg være ære! Døden er overvunnen Grava er tom!**

**Se, Herren lever!**
Det andre verset startar med eit sigersrop. Det er verkeleg ei salig morgonstund, denne påskemorgonen. Jubelropet rungar: Frelsaren er her. Maria'ene jubla det ut til disiplane. Han lever. Og me fortset med å juble ut oppstodegleda. Og - han er hos oss. Me kan tru på han, erfare han og leve med og for han. Kristus er Herre.
Det er sterkt å høyre dei mange ungdommane og vaksne som går ut på kyrkjebakken kvar påskenatt, like etter midnattsgudstenesta, f.eks. i Time kyrkje. Ståande mellom dei mange gravene, og med levande lys i handa, syng dei av full hals: Se Herren lever! - For ein måte å juble seg inn i påskedagen, oppstodedagen, på, og på ny ære og møte den oppstadne Kristus!

**Frykt ikke mere!**
Kva anna ord trengjer seg positivt sterkare inn i vårt tilvere og våre liv enn "frykt ikke"?. Kor mange i denne verda ville ikkje gitt alt for å oppleve realitetane bak eit slikt ord. Til oss kjem orda og blir verkelege gjennom det som skjedde i påska, at Jesus sona vår synd og skuld, forsona Gud med oss og stifta fred. Ein fred som får konsekvensar også for vårt daglege møte med andre. Me skal vere fredsberarar til kvarandre i alt det me gjer, fordi me representerer han som allereie har gitt oss liv og fred. Difor proklamerer me også med frimod: "Kristi navn er ære, seier er hans vei, evig skal han regjere, aldri frykter jeg."

**Velkomen!**
Over heile verda, frå aust til vest, bevegar sigersropet seg påskedagen: "Kristus er oppstaden". Velkomen til å vere med i dette ropet, både i heimen og ved å vere med på gudstenestene i kyrkjelyden. Eit så viktig rop er det flott å få rope ut saman med andre, i det større fellesskapet i kyrkjelyden din. Velkomen til gudstenestene!

Kristus er oppstaden! Velsigna og god påske!
*Kjell Børge Tjemsland*
*Prost, Jæren prosti*









*Foto framside: Krossen på Njærheim - Knut Aalgaard*


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 7. april.
Neste nr. kjem ut ca. 27. april 2016.

# Herrens bøn (Fadervår)

**«Herre, lær oss å be!» Slik lydde spørsmålet frå læresveinane ein gong dei kom til Jesus. Spørsmålet deira er eit uttrykk for ei røynsle mange vil kjenne seg att i. Korleis skal eg be?**

Eg finn ikkje dei rette orda. Eg kjenner meg tom når eg skal venda meg til Gud. Og dei orda eg nyttar i bøna, kjem ofte som ei lang oppramsing av ord eg ikkje heilt får tak i sjølv. Trongen etter å få be slik at både eg og orda løftar både meg og bøna opp til Gud, det er ein lengt som bur i den som ber. Slik var det òg for læresveinane, og på vegner av oss alle kom dei til Jesus med spørsmålet: «Herre, lær oss å be!» Svaret dei fekk på spørsmålet, er Herrens bøn. «Slik skal de be», seier Jesus.

Berre for å ha sagt det innleiingsvis. Det er ikkje noko gale med fri bøn. Langt ifrå. Kvart menneske som kjem fram for Gud med alt det det har på hjartet, fylgjer ei anna oppmoding i Bibelen, nemleg den Paulus skriv om i brevet til Filipparane 4,6: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.»

Likevel er det ei stor lette at me har fått ei bøn som me kan kvila i. Kvart ord me kan nytta i bøna er gjeve oss av Herren sjølv. Han har sagt at me skal be slik. Det er ei gåve. Herrens bøn er ei stor gåve til kvart menneske som bed, og ei gåve til fellesskapet av alle som bed. Når det er gjeve lovnader til bøner som to og tre vert samde om å be, kor mykje meir er det ikkje då grunn til å venta at Herren ein dag skal oppfylla det me bed om i Herrens bøn? Denne bøna som vert beden rundt omkring av menneske over heile jorda, på alle tungemål, til ei kvar tid. Det er ein stor og mektig tanke dette at det til ei kvar tid, kvart sekund av døgeret, utan opphald stig opp eit stort kor av Fadervår til himmelen. Berre tanken på dette store og mektige bønekoret er ein forsmak på himmelen. Det er ingen ord i Bibelen som vert så mykje nytta, som så mange menneske verda rundt kan utanboks, og som er så utbreidd i praksis som Herrens bøn.

*Helgedagen ønskjer i tida framover å sjå nærare på kva slags bøn Herren har gjeve oss. I dette nummeret vil me byrja med kort å sjå nærare på innleiinga av bøna: «Vår Far i himmelen!»*

## Å be til Faderen



*Dag Øivind Østereng*

Me fekk ei ny omsetjing av Herrens bøn i 2011. Det gamle Fader vår vart endra til Vår Far. Det tyder sjølvsagt det same. Personleg hadde eg likevel ønskt at me hadde halde fram med å be «Fader vår». Grunnen er fyrst og fremst av di bøna er retta mot fyrste personen i Gud, Faderen. Sonen (Jesus Kristus) lærer kyrkja å be til Faderen. Me lærer med andre ord ikkje å tiltala Gud (den treeinige) som Far, men me lærer å be til den eine personen i guddomen, han som er Faderen. Dette er ei grunnleggjande sanning i kristen bøn.
Kristen bøn er bøn til Faderen.
Me kan be i Jesu namn til Faderen, av di Sonen har opna vegen fram for trona i himmelen. Herrens bøn lærer oss dette med orda «Fader vår.» Med dei nye orda «Vår Far» er eg redd dette vert mindre tydeleg, og at ordet «Far» vert oppfatta som eit samla uttrykk for Gud (den treeinige).

I liturgien døyper vi framleis borna til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage Ande. Og i gudstenesta vedkjenner vi trua med orda: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige …» Poenget er at me i liturgien, både i dåpen og i truvedkjenninga held fast på ordet «Faderen/Fader». Det ville difor vera ein språkleg heilskap i liturgien om me då også i Herrens bøn heldt fram med å be «Fader vår.» Ein samklang mellom orda i liturgien burde ha fått ei overordna vekt, etter mi meining.

### Kyrkja si bøn

Jesus lærer oss i Bergpreika å be som eit fellesskap. Bøna til Faderen er ikkje berre mi bøn, likesom kristen tru ikkje berre er mi tru. Bøna og trua er noko me har sams. Me ber ilag, og bøna til Faderen er noko me er saman om. Jesus lærer oss med innleiinga til Herrens bøn at me står i ein større samanheng, me er også i bøna ein del av noko stort, nemleg ein del av kyrkja. Når me bed Herrens bøn, går me difor ut av oss sjølve og inn i noko som er større enn oss sjølve. Det gjer at bøna lyfter oss opp og fyller oss. Det er ikkje me som held bøna oppe, men det er bøna som held oss oppe.

I Apostelgjerningane kan me lese at den fyrste kyrkja heldt trufast fast ved «bønene». Dei var ikkje berre trufaste i bøn, men dei tok vare på bønene i bunden form fleirtal. Dei bad faste bøner. Det var tidebøner, og det var ikkje minst Herrens bøn. Det var deira felles bøn, dei bønene dei kunne kalla «våre». Herrens bøn er i same ande med opninga «Fader vår», «Vår Far.»

I dei komande utgåvene av Helgedagen vil me sjå nærare på kva denne bøna faktisk bed om og kva ho gjev.

*Dag Øivind Østereng*



*Foto: KAA*

***Herrens bøn (Fadervår).*** *Bøna er retta mot fyrste personen i Gud, Faderen*

### Herrens bøn - "Vår far"

**Vår Far i himmelen!**
**Lat namnet ditt helgast.**
**Lat riket ditt koma.**
**Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.**
**Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.**
**Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.**
**For riket er ditt og makta og æra i all æve.**
**Amen.**

# Spre litt glede



*Full innsats!*

**Kven er med i Lye barnegospel?**

**Jo, der kan dei begynna det året dei fyller fem, og dei held fram til og med 3. klasse. Koret har rundt 30 medlemmer, og dei er om lag 25 på kvar øving. Øvingsdag er kvar måndag frå 1705 til 1750. Kvifor akkurat 1705? Det har ein grunn: Tidlegare slutta handballtreninga kl 17, så dei trong nokre minutt frå den eine aktiviteten til den andre!**

- Spre litt glede, spre litt liv,
du kan være positiv,
det betyr langt mer enn du forstår!

Dette er glade tonar frå Lye barnegospel. Helgedagen fekk møta dei på første øvinga i det nye året – på Lye forsamlingshus. Ragnhild Hanssen er dyktig kordirigent, og med seg har ho Morten Slettebø. Han har vore med i om lag 7 år, og Ragnhild har vore dirigent sidan 2011. Koret vart starta ca 1987, med Anders Vaaland som første dirigent. Rigmor Josdal var òg med nesten frå starten. Den første tida øvde dei på skulen.

Litt springing rundt i salen før øvinga startar, men så: Flott og stille på plass på kortrappene! Dei eldste bak, og så etter alder framover. Sidan det er første gongen nye 5-åringar er med, må dei presenterast. Blyge og sjenerte er dei, men livnar litt til etter kvart. Dei startar med fin oppvarming, for både kropp og stemme. - Jeg er en liten undulat - i ulike variasjonar - kallar på smilet hos foreldre som ventar nede i salen.



*Blide leiarar: Ragnhild Hanssen og Morten Slettebø*



*Litt skummelt å vera fem år og ny i koret!*



*Flott gjeng!*

Dei fleste av songane dei øver inn er, med bevegelsar, så her er heile kroppen med! Nokre får òg prøva seg som solistar.
Etter ei god økt med song, får dei ein liten pause, og set seg stilt og fint ned på kortrappa. Morten fortel om Moses, og så blir det tid til ein liten "fingerbingo". - Kven har grøne sokkar? Dei som har det, får ta ein finger opp, og slik held Morten på med ulike spørsmål til førstemann får alle fem fingrane opp.

Etter pausen har dei ei lita øvingsstund til, og dei avsluttar så med å syngja velsigninga saman: - Må Gud velsigne deg.

Så ber det heim med glade, flinke songarar. Ei av dei synest juleferien har vore altfor lang, så her er trivselen stor! Sanneleg spreier dei glede og liv og er positive, slik Ragnhild også let dei få høyra. Ho ønskjer gjerne endå fleire i koret, så her er det berre å ta kontakt!

*Tekst og bilete: LHH*



*Ser de Moses?*



*Glade songarar*

*Nå vågar også dei nye seg frampå!*



*To solistar øver*



# Verdiar som grunnmur i forballklubben



*Lettelse og glede etter siste seriekamp 1. november i fjor. Få minutt tidlegare låg det an til nedrykk og slutt på ein lang periode med Bryne FK i norsk toppfotball. Nå blir det jobba hardt på fleire plan for at "jærsk drivkraft" skal bli betre og sterkare i åra som kjem*

**Bryne Fotballklubb skal også i år spela med logoen til Global Dignity på ryggen. Styreleiar, Nils Steinsland ser på verdiar og verdighet som ei kjelde til positiv utvikling for alle i klubben.**



*Nils Steinsland er styreleiar i Bryne FK*

Dei siste 44 åra har Bryne vore i toppen av norsk fotball, om ein definerer toppen som dei to øvste divisjonane. Klubben er vide kjent som ei merkevare for Jæren. Veldriven med godt rekrutteringsarbeid og stor frivillig innsats. Sjølv om det dei siste ti-åra har vore store utfordringar både sportsleg og økonomisk, og slett ikkje fritt for turbulens, er nok inntrykket av ein positiv klubb godt befesta rundt om i landet.

Nils Steinsland var som ung supportar tilstades då Bryne slo Vard i Haugesund i 1975 og sikra opprykk til den øvste divisjonen. Han har alltid vore glødande interessert. I seks år har han vore med i styret, dei tre siste som leiar. Han var nok litt overraska då Helgedagen ville ha eit intervju, men inviterte raskt heim til Steinsland.

*- Kvifor dette samarbeidet med Global Dignity?*
Det er heilt naturleg for oss. Fotballforbundet har bestemt at det nedst på ryggen på klubbdrakta kan vera reklame for eit veldedig formål. Me har valt Global Dignity (GD) for det samsvarar med grunnverdiane som er utarbeidd for klubben. Og GD er eit prosjekt for å byggja verdighet.

*- Kva er grunnverdiane for klubben?*
Det er respekt, samhald og kjærleik. Nokre har kommentert ordet "kjærleik", men det omfattar og lidenskap og entusiasme. I samarbeidet med GD skal me jobba for at respekt og verdighet kan bli ei kjelde til positiv endring og utvikling for alle i klubben. Me meiner å ha sett resultat av dette allereide. Desse verdiane skal vera med å utvikla heile menneske. Me trur det har positiv effekt, både med tanke på samhald og meistring. Slik får også klubben ei seriøs og verdifull rolle i lokalsamfunnet.

*- Dei fleste forbind Bryne FK med A-laget. Korleis var det å stå i "stormen" i fjor haust, då det butta i mot sportsleg, og det var sterke meiningar og press på styret?*
Ja, det kunne til tider vera tøft. Men skal ein ha denne posisjonen i ein klubb der engasjementet mange gonger er så sterkt, må ein av og til minna seg sjølv om at fotball ikkje er alt i livet. Og så veit eg at kritikken er positivt meint. Dei som kritiserte, vil gjera sitt til at me skal bli betre. Og alt ser enklare ut frå utsida!

At idrett ikkje er alt, har Nils og familien fått oppleva på spesielt brutalt vis. I 2010 vart familien ramma av ei stor sorg. Dei mista sonen, Nikolai, i ei trafikkulykke.

*- Korleis klarte du å gå vidare etter denne tragedien?*
Det var ei stor påkjenning. Eg vil alltid bera dette med meg og skal ha det med meg. Men familien klarte å takla dette på ein bra måte, og livet måtte gå vidare. Etter kvart erfarte me at det måtte gå an å få gode stunder etter dette òg. Ein må setja ekstra pris på dei gode stundene i livet.

- Korleis ser du på kyrkja og arbeidet der?
Eg har nok ikkje noko tett forhold til Bibelen. Men eg forbind kyrkja med store hendingar i livet og som ramme rundt desse. Det er svært mykje oppfølging frå prestar ved og etter store hendingar, som ikkje blir nok verdsett. Og eg er overbevist om at verda hadde vore ein betre plass dersom ein hadde levd etter regelen: du skal gjera mot andre det du vil andre skal gjera mot deg.

Viktig treningsperiode. Jakt på hovudsponsor. Siste spelar-signeringar. Økonomi frå raud til grøn sone. Femårsplan med delmål. Dette er litt av det klubben står oppe i for tida. Helgedagen ønskjer lukke til med heile sesongen og er takksame for at styreleiaren ville stilla til intervju på kort varsel.

*Tekst og foto: RT*

# Time kommune: Kyrkjebudsjettet for 2016



*Foto: KAA*



Time kyrkje



Undheim kyrkje



Lye forsamlingshus



Bryne kyrkje

**På kommunestyremøtet i desember 2015 vart økonomiplanen for 2016 vedteken, og med det kor store dei økonomiske rammene for drifta av den kyrkjelege verksemda ville verta. Olav Vegard Søyland er kyrkjeverge og den som styrer kyrkjeøkonomien i Time, og det naturlege spørsmålet til han er då:**



*Olav Vegard Søyland*

*- Korleis er driftsbudsjettet for Time kyrkjeleg fellesråd dette året?*
Fellesrådet vedtok den 20. januar driftsbudsjettet for 2016. Det er eit offensivt budsjett i tråd med fellesrådet sine prioriteringar og budsjettet frå Time kommune. Me har endeleg nådd målet og fått på plass daglege leiarar i alle sokn, 100% ressurs i Bryne og 50% i Time og Undheim sokn. Alle trusopplæringsmedarbeidarane er på plass. Det statlege tilskotet er redusert noko, men sokneråda har vedteke å dekka opp det som manglar. Ingfrid Time Nærland og hennar medarbeidarar har arbeidd med å laga trusopplæringsplanar for alle sokna, og det arbeidet er nå ferdig. Desse planane vil gje ei viktig retning for det vidare arbeidet. Det er løyvd pengar til å utbetra to gamle gravminne, eit tema det har vore lite fokus på i kommunen tidlegare. Eg kan og nemna at det er sett av 50 000 kroner - tilskot maling av Undheim kyrkje. Økonomien, og då særleg på drift, er styrka dei siste åra. Dialogen med Time kommune er for tida god, og me er glade for at me no er i stand til å gjennomføra fleire av tiltaka som fellesrådet ser på som svært viktige.

*- Kva så med pengar til investeringar?*
Og på investeringsida har me møtt stor velvilje i kommunen. Dei er positive til å leggja til rette for at me kan ta godt vare på kyrkjebygga våre. Brynekyrkja skal få nytt ventilasjonsanlegg i hovudetasjen, nytt kjøkken i kjellaren og nye dører inne og ute som er tilpassa universell utforming. I Timekyrkja skal taket fiksast i 2016, og det vert og arbeidd med å få på plass brannsløkkingsanlegg. På Undheim er ein i ferd med å skifta ut det gamle høgtalaranlegget i kyrkja. Time kommune har og gitt melding om at arbeidet med utviding av gravplassen ved Timekyrkja skal forserast, eit stort og spennande prosjekt. Elles kan eg nemna at fellesrådet i siste møte vedtok å overta eigar- og driftsansvaret for Sporvongane private barnehage på Lye forsamlingshus frå 01.08.16. Det vil då føra til at fellesrådet vil driva barnehage i alle tre sokna i Time.

*- Kva ser du på som den største utfordringa for kyrkjelydane framover?*
Den største utfordringa vil vera den breie satsinga på trusopplæring for alle døypte, 0-18 år. Her har både tilsette og frivillige ein viktig jobb å gjera for å laga opplegg som både engasjerer og interesserer. Fellesrådet si oppgåve er å vera tilretteleggjar for at kyrkjelydane kan få det verktøyet dei treng for å få arbeidet gjort.

*AV*

# Språkkafe på Lye forsamlinghus



Foto: KAA

Samtalane gjekk på norsk mellom lyebuarar og innvandrarar



Foto: KAA

Esperanza Idland

**Torsdag 14. januar møtte eg ei smilande Esperanza Idland på Lye forsamlingshus. Rundt henne var det samla ein stor flokk born og vaksne frå mange ulike land og kulturar. Esperanza tok i haust initiativet til å starta opp språkkafe på Lye.**

*- Kva var føremålet med dette tiltaket?*
Som kristne har me eit ansvar å visa Guds kjærleik i praksis. Visa at me bryr oss om medmenneska våre, i dette tilfelle flyktningar og asylsøkjarar.

*- Fortel litt om organiseringa av desse samlingane.*
Me er nett komne skikkeleg i gang med tilbodet, og så langt har me hatt ei samling i månaden - frå klokka 17.00-18.30. Folk på Lye er inviterte til å møta fram og snakka norsk med dei som kjem innom. For det er eit absolutt krav: her skal alle snakka norsk! Eg kom sjølv til Noreg i vaksen alder og har erfart kor viktig det er å læra seg språket. Norskkunnskap er avgjerande for god integrering! Draumen min er at desse samlingane kan vera med å gje dei som kjem, eit nettverk av norske, unge og eldre. Folk dei kan besøkja, gå tur saman med , samtala om utfordringar ved å vera framand i landet vårt.

*- Så du har stor tru på dette tiltaket?*
Ja, absolutt, og faktisk har det berre i kveld meldt seg fleire som vil vera med å hjelpa til på samlingane, så frå mars av vil me satsa på to samlingar i månaden, så dette skal me få til, seier ei entusiastisk Esperanza Idland og legg til: ikkje gløym å få med at alle, både lyebuarar og andre er hjarteleg velkomne til språkkafeen!

Denne kvelden i januar var det samla 24 norske og 18 utanlandske på Lye forsamlingshus.
Samtalane gjekk lett og ledig rundt borda, og folk såg ut til å trivast og ha det kjekt i lag. Nye venskapsbånd vart knytta – over språk- og kulturgrenser!

*AV*

# KVINNENES INTERNASJONALE BØNNEDAG

**Fredag 4. mars 2016**
***- sjå annonse side 19***

**Starten til Kvinnene sin internasjonale bønnedag fann stad i Brooklyn, USA, i 1887. Bakgrunnen var nauda blant immigrantar og etterkomarar av slavar. Via misjonærar spreidde dette seg utanom Amerika. I 1920-åra vart Kvinnenes internasjonale bønnedag eit faktum, og etterkvart vart første fredag i mars vedteken som den faste bønnedagen.**

I symbolet ser vi fire personar som ber. Dei fire verdenshjørna dannar korset, og alt er bunde saman av sirkelen, Guds kjærleik. I dag har bønnedagen komitéar i meir enn 170 land. Ein internasjonal tverrkyrkjeleg komité møtest kvart fjerde år for å dela idéar og ansvar, velja tema og hjelpa nye grupper.



*Programmet er laga av Bønnedagskomitéen på Cuba: "Ta imot borna. Ta imot meg."*
*Prosjekt Cuba: Førebyggje familievald og hjelpe ofra.*

## Bønnedagskomitéen på Cuba: "Ta imot borna. Ta imot meg."

Dei kubanske kvinnene spelar ei viktig rolle i samfunnet. Skulesystemet er godt utvikla, og alle som vil, får studera gratis ved universiteta. Kvinner er i fleirtal, ikkje berre som studentar, men også som lærarar på alle nivå. Cuba er det landet som har flest legar i høve til folketalet. Alle som treng medisinsk hjelp får det gratis, utan omsyn til tru, ideologi, rase og kjønn.

Sjølv om det lenge har vore vanskeleg å stå fram med si kristne tru, er det i dag sterk vekst i dei kristne trussamfunna. Den romersk katolske kyrkja har nå over 600 kyrkjer, og det finst meir enn 60 evangeliske og protestantiske trussamfunn. Kyrkjene på Cuba har mange aktive kvinner i ansvarsfulle stillingar, også som prestar og biskopar. Kvinner og menn har like rettar.

Så skulle ein kanskje tru at alt var vel og bra, men mange kvinner må finna seg i liding og diskriminering. Etter den økonomiske krisa på 90-talet har familievalden på Cuba auka dramatisk. Bustadmangel har ført til at tre generasjonar ofte bur saman, og det stressmomentet gir grobotn for vald. I ei nasjonal undersøkjing oppga 52 % av barn og unge at dei opplevde fysisk eller psykisk vald i heimen.

I Time vert det denne dagen samlingar for kvinner frå alle kyrkjelydane på Fotland bedehus og i Bryne kyrkje. Slik får me saman med kristne kvinner frå meir enn 170 land vera med i bønn for valdsutsette kvinner og barn på Cuba. Vi skal også få gi vår gåve til prosjektet som skal førebyggja familievald og hjelpa ofra der.

Hjarteleg velkomen til Kvinnenes internasjonale bønnedag!

*Anne Gjedrem*



Foto: KAA

# Jesu sju ord på korset

I alt talte Jesus sju ganger mens han hang på korset. Det første Jesus sier er:

**1. Luk 23,34: Far, tilgi dem, for de vet ikke hva de gjør.**

Korsfestelse var en grusom henrettelsesmetode som romerne brukte overfor grove forbrytere. Cicero kalte den for den mest bestialske av alle henrettelsesmetoder. Men selv om Jesus måtte lide de frykteligste smerter, opplot han ikke sin munn. Ikke et bebreidende ord, ikke en bønn om barmhjertighet for sin egen del. Men nå ber han for sine fiender!

Matteus forteller at begge røverne spottet ham. Men kanskje er det da de hører at Jesus ber om tilgivelse for dem, at den ene kommer til seg selv.

Plutselig vekkes det syndserkjennelse og ekte anger i hans hjerte. Derfor snur han seg mot Jesus og sier: Jesus, husk på meg når du kommer i ditt rike!

Da er det Jesus sier sitt andre ord på korset:

**2. Luk 23,43:Sannelig, jeg sier deg: I dag skal du være med meg i Paradis.**

En liten bønn fra en røver. En stor bønnhørelse fra en frelser. Noe herligere løfte kan vel ikke noe menneske oppleve enn å få høre fra Jesus selv: I dag skal du være med meg i Paradis! Rett fra forbryterdøden på et kors - til evig liv i Paradis!

Frelst i siste time! Men det er blitt sagt: «Det fortelles i hele Bibelen bare om én omvendelse i dødsstunden, én, for at ingen skal fortvile, men også bare én, for at ingen skal lulle seg i søvn med det.» (A. Fibiger)

Skal du og jeg være visse på å få bli med til Paradis når vår dødstime kommer, må vi ikke utsette vår frelsessak til det siste. Vi kan bare være trygge på å bli frelst til sist dersom vi hver dag lever i syndenes forlatelse.

Tredje gang Jesus taler, sier han:

**3. Joh 19,26-27: Kvinne, det er din sønn. - Det er din mor**

Alle led ved den smerte de så at Jesus måtte gjennomgå. Men mest forferdelig var det for Maria, Jesu mor. Nå ble det oppfylt det den gamle Simeon hadde sagt i tempelet da de bar frem renselsesofferet for gutten sin: Men også gjennom din sjel skal det gå et sverd. Luk 2,35

Da sier Jesus: Kvinne, se, din sønn, står det ordrett på grunnteksten. - Nå løser Jesus de jordiske bånd mellom henne og seg for godt. Men i det han løser henne fra seg, knytter han henne til sin aller beste venn, Johannes. Til Johannes sier han: Se, din mor. Fra da av tok Johannes henne til seg.

Vi er kommet til den 6.time på dagen, det vil si kl 12.00, og fra da til den 9.time, dvs. kl.15.00, hvilte et mørke over hele landet. Det er gudsforlatthetens mørke som nå senker seg over Golgata. Det er «mørket utenfor» der de fortapte en gang skal gråte og skjære tenner. For da, i disse tre timene smaker Jesus helvetet i vårt sted. For hva er helvete? Det er å være der Gud ikke er.

Derfor roper Jesus ved den 9. time:

**4. Matt 27,46: Elí, Elí, lemá sabaktáni? Det betyr: Min Gud, min Gud, hvorfor har du forlatt meg?**

Hvorfor ble han forlatt av Gud? Jo, der Jesus henger på korset, bærer han hele verdens synd i sitt legeme, står det ordrett i 1Pet 2,24. Eller som Paulus sier i 2Kor 5,21: "Han som ikke visste av synd, har han gjort til synd for oss,-" Gud legger skylden for all den synd, urenhet, råskap og djevelskap som alle mennesker til alle tider hadde gjort og skulle komme til å gjøre, på Jesus. Han er Guds lam som bærer verdens synd. Joh 1,29.

Denne Guds vredesdom fullbyrdes nå på korset. Gud, som er hellig, kan ikke ha noe med synd å gjøre. Derfor blir Jesus forlatt.

Men fordi Jesus ble forlatt av sin far, kan vi få slippe å bli det om vi tar vår tilflukt til Jesus og tar i mot hans tilgivelse. Den er gratis for oss, men det kostet Jesus alt å betale skylden.

Da lyset igjen bryter fram, roper Jesus:

**5. Joh 19,28: Jeg tørster.**

Det hadde gått over femten timer siden Jesus hadde drukket noe. Før Jesus ble korsfestet, ble han tilbudt vin blandet med galle, eller myrra. Men det ville han ikke ha, for denne drikken hadde en bedøvende virkning. Jesus ville gå gjennom lidelsen med klar bevissthet.

Men nå blir han tilbudt eddikvin, en syrlig vin, som soldatene drakk av for å stille tørsten. De fylte en svamp med den, satte svampen på en isopstilk og holdt den opp til munnen hans.

Det er nok ikke tilfeldig at Johannes nevner at de satte svampen på en isopstilk. Denne lille planten med de ullaktige, lodne bladene var det israelittene brukte da de strøk påskelammets blod på dørstolpene i Egypt. Den natten spilte det ingen rolle hvordan folk var, hva de hadde gjort eller ikke gjort. Det eneste som betød noe var hvor de var, om de var bak dører med blod på. Da gikk Guds domsengel forbi.

For vårt påskelam er slaktet, Kristus, sier Paulus. 1Kor 5,7. – I Kristus, som er døren med hans eget blod på, er vi også trygge for Guds dom.

Da Jesus hadde fått eddikvinen, sa han sitt

**6. ord. Joh 19,30: Det er fullbrakt!**

De samme ord sa den jødiske øversteprest hvert år når han på den store forsoningsdagen hadde fullført sin offertjeneste for sitt folk. Men *han* måtte gjenta det samme sonoffer år etter år.

Da vår øversteprest på korset ropte ut sitt: *Det er fullbrakt*, da var fullgod soning gjort for alle mennesker, for alle tider. Nå har vår øversteprest Jesus gått bak forhenget inn i Det Aller Helligste og brakt sitt eget liv som det evig, fullkomne offer for alle synder. Én for alle, én gang for alle.

Derfor krever ikke Gud oss en gang til. Det ville vært høyst urettferdig. Nei, derfor heter det i 1

Joh 1,9: *Dersom vi bekjenner våre synder, er han trofast og rettferdig, så han tilgir oss syndene og renser oss for all urett.*

Så hadde Jesus fullført den gjerning Gud ga ham å gjøre på jorden. Derfor roper han ut sitt siste ord på korset:

**7.ord: Luk 23,46 : Far, i dine hender overgir jeg min ånd!**

*"Da revnet forhenget i templet i to, fra øverst til nederst. Jorden skalv og klippene slo sprekker,"* står det hos Matteus, 27,51. Forhenget i templet skulle vokte inngangen til Det aller helligste, der bare øverstepresten fikk gå inn en gang i året på den store forsoningsdagen.

Dermed er det som Gud selv sier: «Nå er den gamle pakts tid forbi. Den store forsoningsdagen er avløst av forsoneren. Den nye pakts tid har begynt.» Nå har enhver kristen adgang til Gud i kraft av Jesu blod, slik Hebr. sier, Så har vi da, søsken, frimodighet ved Jesu blod til å gå inn i helligdommen, dit han har innviet en ny og levende vei for oss gjennom forhenget, som er hans kropp. Hebr 10,19-20

Vi vet at etter langfredag følger en påskemorgen. Døden var ikke det siste. Jesus seiret over døden. Derfor har døden mistet sin brodd for den som tror. Visstnok vil alltid døden være den siste fiende, men har vi tatt imot Jesu fullbrakte frelse, vil døden bare føre oss over til livet, det evige liv hos Gud.

*Oddvar Søvik*


Foto: RAA

# Julemesse og mykje meir ...



"...Slekt skal følgje slekters gang, tenkjer eg og ser på livet rundt meg denne desemberdagen 2015"



**Det skjedde på kjøpesenteret i desember. Nummerseljaren for NMS si julemesse på Undheim er i ferd med å pakka saman for dagen. Då står ein vel vaksen kar ved bordet: – NMS, seier han, NMS har alltid vore der for meg –. Så formidlar han levande frå sitt liv ein heilt annan stad i landet og gir glimt inn i ei lita einbølt bygd.**

– Det skjedde ikkje så mykje der, var ikkje så mange tilbod på fritida. Men eitt ektepar sto på og samla både store og små til lag, til forening og til basar for NMS (Det norske misjonsselskap). Det vart eit vindauga mot verda for oss –, fortel han. Nå legg mannen minneboka si open for ei ukjend kvinne på kjøpesenteret i julerushet. Det måtte vera minna sin melodi ved å sjå plakaten – Julemesse NMS, som song i hans indre, og han heldt fram:



– Dette ekteparet var ikkje berre der for oss i si eiga bygd. Ofte reiste dei også for å samla folk til møte og organisera basar i nabobygdene. Dei fekk eit langt liv. Eg var i heimetraktene då kona døydde over 90 år gamal og fekk vera med i gravferda hennar. Det er eg glad for i dag. Eg har så mykje å takka dei begge for –.

Spor

Nummerseljaren delte dette med ei fullsett kyrkje på julemessedagen. Det vart ei helsing til ettertanke. Eit ektepar som i si trufaste kvardagstenste hadde sett gode spor etter seg, spor som ein liten gut hadde teke med seg heilt til vaksne år.

– Kva spor set me etter oss? spurde møteleiaren.

– NMS har alltid vore der for meg, sa mannen, og la til at han hadde så mykje å takka for.

Det fins uendeleg mange rundt om i landet vårt som i vidare forstand kan stemma i og takka. I alle fall kan eg det. I mi bygd var det også vaksne som sørgde for at me fekk samlast til søndagsskule, barneforening, yngres, fest og basar i bedehuset. Det opna vindaugo mot verda å lytta til menneske med ein bodskap, folk som til og med hadde vore utanfor Norge, vera mange i lag, syngja osv. *Kulturhus også,* tenkjer eg i dag om dei gamle bedehusa.

På julemessa denne laurdagen i adventstida var det ein som formidla si glede og takk for nettopp dette. Han såg utover forsamlinga. Mange av fedrene i dei unge familiane som var tilstades hadde gått i gutelaget som barn.
– Det er framleis eit gutelag her på Undheim –, fortalde han, – og der har eg fått vera med i 39 år. Mange av gutane er nå vaksne og sender sønene sine til gutelaget. Det er stort å sjå dei unge fedrene her i dag med familiane sine –.

– Slekt skal følgje slekters gang, tenkjer eg og ser på livet rundt meg denne desemberdagen 2015. Her er det fryd og lyd frå kyrkjekjellar til kyrkjesal. I tanken ser eg også alle dei trufaste som i travle kvardagar ned gjennom åra ikkje har sett smått på å leggja stein på stein for å byggja Guds rike her. Dei har heller aldri gløymt misjonsbefalinga: – Gå ut i all verda og gjer alle folkeslag til mine læresveinar –. Spora er synlege i dag.

*Tekst: Else-Marie Bue*
*Foto: KAA*

# Trusopplæring i Den norske kyrkja




**Trusopplæring i kyrkjelydane våre våren 2016**

## Hovudmål for trusopplæringa:

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:
- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring
Me deler kristne tradisjonar og verdiar
